



**Høgskolen i Telemark**

## **Rapport og planar (2007-2008)**

**Høgskolen i Telemark**

**Vedteken av styret 28.02.08**

## **Innhald**

<b>Innleiing .....</b>	<b>3</b>
<b>1. Resultatrapportering 2007 .....</b>	<b>7</b>
<b>2. Planar for 2008 .....</b>	<b>32</b>
<b>2.1 Plan for verksemda i 2008 .....</b>	<b>32</b>
<b>2.2 Plan for tildelt løyving for 2008 .....</b>	<b>39</b>

## **Vedlegg**

## Innleiing

Høgskolen i Telemark (HiT) blei etablert 1. august 1994 gjennom samanslåing av tidlegare Telemark distriktshøgskole, Bø, Telemark ingeniørhøgskole, Porsgrunn, Telemark lærarhøgskole, Notodden/Rauland, og Telemark sjukepleiarhøgskole, Skien.

HiTs fellesadministrasjon ligg i Porsgrunn. Mellom Porsgrunn og Rauland, dei geografiske ytterpunkta, er det rundt 160 km.

Styret er HiTs øvste organ. Det er samansett av 11 medlemmer, av dei fem interne, fire eksterne og to studentar. Rektor er styreleiar. Høgskoledirektøren er styresekretær.

HiT er den fjerde største av dei 24 statlege høgskolane. Talet på registrerte studentar hausten 2007 var 5020. Det er ein auke på 148 studentar frå året før.

HiT er inndelt i følgjande fire avdelingar (forkortingar, geografisk lokalisering og fastsett resultatmål for talet på 60-studiepoengseiningar i 2008 i parentes):

- Avdeling for allmennvitenskaplege fag (AF, Bø, 1 140)
- Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning (EFL, Notodden/Rauland, 1 380)
- Avdeling for helse- og sosialfag (HS, Porsgrunn, 770)
- Avdeling for teknologiske fag (TF, Porsgrunn, 502)

Styret har på fagleg grunnlag oppretta grunneiningar (institutt) ved alle avdelingane i høgskolen, slik det går fram nedanfor.

Ved AF:

- Institutt for idretts- og friluftslivsfag
- Institutt for kultur- og humanistiske fag
- Institutt for natur-, helse- og miljøvern
- Institutt for økonomi og informatikk

Ved EFL:

- Institutt for folkekultur
- Institutt for forming og formgjeving
- Institutt for lærarutdanningsfag
- Institutt for pedagogikk

Ved HS:

- Institutt for helsefag
- Institutt for sosialfag

Ved TF:

- Institutt for elektro, IT og kybernetikk
- Institutt for prosess-, energi- og miljøteknologi

Styret fastsette ny organisering, styring og leing av høgskolen med verknad frå 1. august 2003.

Den nye ordninga blei eksternt evaluert våren 2006. Det same gjeld høgskolens administrasjonsordning. Styret tok stilling til evalueringsresultata hausten 2006. Det blei vedteke at noverande avdelings- og instituttinndeling, leiingsmodellar på alle nivå, styresamansetjing, og i all hovudsak råds- og utvalsstrukturen, skulle vidareførast etter funksjonsperioden som gjekk ut 31. juli 2007. Administrasjonsordninga har vore emne for ytterlegare intern gjennomgang i 2007.

Dette inneber at ordninga med vald rektor og fast tilsett høgskoledirektør, med ansvar og mynde etter gjeldande lov om universitet og høgskolar, blir vidareført. Avdelingane blir leia av fire åremålstilsette dekanar, som har det samla faglege og administrative ansvaret for sine einingar. Dekanane rapporterer til rektor i faglege saker og til høgskoledirektøren i økonomisk-administrative saker. Institutta blir leia av åremålstilsette instituttleiingar, som også har det samla faglege og administrative ansvar for sine einingar, og som rapporterer til dekanane. Det er dessutan to studieleiingar ved EFL for førskolelærar- og allmennlærerutdanningane. Dekanane og instituttleiingane har mål-, resultat- og kvalitetssikringsansvar innanfor sine ansvarsområde. Det er etablert ei leiargruppe i høgskolen. Medbestemming og medverknad blir praktisert gjennom informasjons-, drøftings-, og forhandlingsordninga og gjennom ulike former for dialogmøte.

Den faglege verksemda ved HiT er variert og omfattande. HiT kan tildele følgjande grader, som gjev rett til tilsvarande tittel, og yrkesutdanningar:

#### Grader:

- Høgskolekandidat (normert studietid 2 år)
- Bachelor (normert studietid 3 år)
- Master (normert studietid 2 år)

#### Yrkesutdanning:

- Allmennlærerutdanning (normert studietid 4 år)
- Faglærerutdanning (normert studietid 4 år)

Innan teknologiske fag er det tilbod om doktorgradsutdanning i samarbeid med Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) og utanlandske lærestader.

Hovudtyngda av den ordinære undervisninga blir gjeven på dei faste studiestadene (Bø, Notodden, Porsgrunn og Rauland), men høgskolen tilbyr òg desentralisert førskolelærerutdanning i Drammen og desentralisert vernepleiarutdanning i Borre i Vestfold. Etter vedtak i styret og godkjenning i Kunnskapsdepartementet (KD) blir den desentraliserte vernepleiarutdanninga trappa ned og avslutta i løpet av studieåret 2008/2009. Frå hausten 2003 har høgskolen hatt tilbod om allmennlærerutdanning i Drammen i samarbeid med høgskolen i Buskerud. HiT er også fagleg ansvarleg for ex.phil./ex.fac.-utdanning i utlandet gjennom ein samarbeidsavtale med Gateway College. HiT har dessutan eit aukande tilbod av tradisjonell og nettbasert fjernundervisning.

HiTs forskings- og utviklingsverksemd (FoU) treng å styrkjast når det gjeld forskingsleing og forskingskultur, sjølv om fleire sterke forskingsmiljø hevdar seg relativt godt mellom dei statlege høgskolane i konkurransen om forskingsmidlar. Formidlingsverksemda er omfattande.

Høgskolen freistar medvite å styrkje og utvide samfunnsrolla si, og legg særleg vekt på samfunns- og næringsliv i Telemarksregionen. Det er inngått fleire samarbeidsavtalar baserte på samvirke mellom høgskolen, næringslivet og regionale styresmakter. Gjennom eksterne referansegrupper som er knytte opp mot de ulike avdelingane sine studieprogram, arbeider høgskolen for å gjere studieprogramma meir relevante.

Samarbeidsrelasjonane til andre høgare lærestader nasjonalt og internasjonalt er gode og omfattande. Den internasjonalt orienterte verksemda har i seinare tid fått auka betydning og omfang.

HiT har etablert eit velfungerande støtteapparat rundt den faglege verksemda. Den bygnings- og anleggsmessige standarden er i all hovudsak god, bibliotektenestene held høg kvalitet, og IT-infrastrukturen er solid og stabil.

Styret har vedteke strategisk plan for HiT for perioden 2005-2009. Gjennom prosessen har høgskolen hatt nær og god kontakt med dei mest sentrale samarbeidspartnarane i regionalt samfunns- og næringsliv. Planen blei sist rullert i 2007. Planen gir m.a. desse styringssignala:

- Høgskolen har som ambisjon å få universitetsstatus innan 2013, anten åleine eller saman med andre.
- Høgskolen skal i planperioden vekse frå sin noverande dimensjon på 4 500 studentar til 4 700 studentar (heiltidsekvivalentar finansierte over grunnløyvinga).
- Noverande studiestader skal oppretthaldast, men Grenland skal i sterkare grad nyttast som potensiell marknad.
- Høgskolen skal styrkjast som akademisk institusjon gjennom å få rett til å tildele doktorgrad, å auke tilbodet av mastergradsstudium, og å utvikle kompetanseprofilen sin vidare.
- FoU-produksjonen og -kompetansen skal aukast.
- Studiekvaliteten og det totale læringsmiljøet skal forbetrast, m.a. ved hjelp av ei vidare utvikling av høgskolens kvalitetssikringssystem.
- Høgskolen skal leggje auka vekt på å vere ein sentral utviklingsaktør, særleg i egen region, og auke samarbeidet med samfunns- og næringsliv.
- Internasjonaliseringsverksemda skal aukast både gjennom auka studentutveksling og gjennom auka samarbeid om FoU og utdanning.
- Høgskolen skal styrkje arbeidsmiljøet og fellesskapskjensla gjennom eit systematisk arbeid med organisasjonskulturen.
- Prosentdelen kvinner i leiarstillingar og i første- og toppstillingar skal aukast.
- Høgskolens leiingsutvikling skal målrettast betre.

Rapport og planar (2007-2008), som med dette blir lagt fram, byggjer på retningslinjer gjevne m.a. i KDs løyvbrev for 2007 og 2008 til HiT med tilhøyrande rapporteringskrav.

Resultatrapport 2007 byggjer på HiTs årsplan for 2007 og KDs rapporteringskrav. Årsplanen blei utforma etter mal for målstruktur slik den kom til uttrykk i KDs løyvbrev av 21.12.06.

I planen for 2008 er elles rammer og føresetnader som er spesifiserte i St.prp. nr. 1 (2007-2008) lagde til grunn, saman med høgskolens strategiske plan.

Planen for 2008 vil bli nytta gjennom budsjettåret som et leiarverktøy i arbeidet for å nå strategiske mål for høgskolen. Det vil bli utarbeidd egne delplanar/tiltaksplanar for HiTs fire avdelingar og for fellestenestene.

Rektor og høgscholedirektøren har eit overordna ansvar for at årsplanen vert følgd opp.

Når det gjeld dei resultata HiT oppnådde i 2007, vil styret særleg framheve:

- Studentrekrutteringa var i 2007 samla sett tilfredsstillande og auka noko samanlikna med 2006. Det var likevel framleis store variasjonar mellom fagområda.
- Den samla studiepoengproduksjonen auka i 2007, medan studiepoengproduksjonen per student gjekk noko ned. Dette vert vurdert som tilfredsstillande, men reduksjonen i produksjon per student kan ikkje seiast å vere i samsvar med Kvalitetsreforma sine målsetjingar.
- Arbeidet med å få etablert eit universitets- og kompetansefond i Telemark går noko seinare enn rekna med. Rekrutteringa av høgt kvalifisert vitskapleg personale til ledige professorat er også ei utfordring.
- Arbeidet med internasjonalisering i høgskolen er i god utvikling. Aktivitetane aukar og breidda i aktivitetane er stor. Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) auka frå 107 i 2006 til 154 i 2007.
- Arbeidet med ei vidareutvikling av høgskolen sitt kvalitetssikringssystem har vore intensivt. Prosentdelen av studentar som deltek i evaluering av undervisninga, er stigande.
- Høgskolen fekk noko reduserte rammer i 2008 m.a. som følgje av ein negativ trend i talet på publiseringspoeng i 2006. I 2007 var det ein positiv auke på dette området. FoU-verksemda i høgskolen blir likevel gjort til gjenstand for særleg merksemd.
- Innan formidling og samarbeid med regionalt samfunns- og næringsliv er aktiviteten framleis stor, og engasjementet er breitt og omfattande. Styret har merka seg at det er ein svak auke innan eksternt finansiert verksemd, både når det gjeld omfang og resultat, men meiner at potensialet framleis ikkje i tilstrekkeleg grad er utnytta, og har stor merksemd retta mot dette området.
- Styret er elles tilfreds med at det vert lagt vekt på å sikre ein god intern kontroll i høgskolen. Det blir arbeidd aktivt med implementering av gode ordningar for risikovurdering, observerte veikskapar i økonomiforvaltninga vert det teke tak i, miljøleing vert søkt integrert i høgskolens verksemd, forvaltninga av bygningar og lokale er god, og føringar på IKT-området vert følgde opp.

# 1. Resultatrapportering 2007

## Hovudmål 1

*Høgskolane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.*

## Utvalde område

*HiT skal arbeide for å fremje kompetanseutvikling av lærarar, instruktørar og skoleeigarar i tråd med Kunnskapsløftet. Lærarutdanninga skal vere kunnskapsbasert, men også yrkesnær og relevant for skole og barnehage.*

I tråd med Kunnskapsløftet gav HiT i 2007 tilbod om etter- og vidareutdanning til lærarar innan fleire fag, som naturfag, matematikk, norsk og spesialpedagogikk. I tillegg gav HiT tilbod om opplæring i tverrfagleg rettleiing med rådgjevarar i skoleverket som målgruppe.

Kunnskapsbasering innan lærarutdanninga vert sikra gjennom at fagplanane blir oppdaterte årleg og tilpassa til læreplanane i grunnskolen gjennom Kunnskapsløftet. I 2007 starta HiT prosjekta "Likeverdig samarbeid" og "Skolebasert lærarutdanning".

Prosjektet "Likeverdig samarbeid" har som mål å utvikle nye samarbeidsformer mellom HiT og skole- og barnehageeigarar, representerte ved kommunane Skien, Porsgrunn og Notodden, med sikte på å forme kompetente lærarar. Prosjektet omfattar både studentar og røynde lærarar som tek etter- og vidareutdanning ved HiT. Prosjektet "Skolebasert lærarutdanning" inneber at studentane vekselvis har skole og høgskole som læringsarena. Praksislærarar underviser ved HiT og HiTs lærarar underviser og rettleiar i øvingsskolen. HiT ser desse prosjekta som gode døme på at lærarutdanninga ved HiT er yrkesnær og relevant for skolen, i tillegg til å vere kunnskapsbasert.

HiT samarbeider med fylkesmennene i Telemark og Buskerud for å vidareutvikle arbeidet med kompetanseheving for tilsette i barnehagen. Dette innebar i 2007 m.a. at HiTs faglærarar utarbeidde kompetanseplanar, heldt kurs for barnehagetilsette og sette i gang utviklingsprosjekt i barnehagane i dei to fylka.

Som ledd i ein strategi for kompetanseutvikling gjennom m.a. praksisretta forskning sette HiT i gang pilotprosjektet "Barnehagens læringslandskap" hausten 2007. I dette prosjektet er HiTs faglærarar rettleiarar for dei tilsette, samstundes som dei arbeider direkte med barna i dei aktuelle barnehagane.

For å sikre relevans og yrkesnærleik i utdanninga samarbeider HiT tett med dei faste praksisbarnehagane. Det vert m.a. arrangert praksisseminar og fagdagar for studentar og øvingslærarar i samband med gjennomføring av praksisperiodane.

Prosjektet "Rettleiing av nyutdanna lærarar" blir ført vidare i tett samarbeid med skolar og barnehagar og gjennom tilknytt FoU-verksemd.

*HiT skal utarbeide ein plan for oppfølging av evalueringa av allmennlærerutdanninga, og vidareføre reakkrediteringa av sjukepleiarutdanninga.*

HiT utarbeidde i 2007 ein oppfølgingsplan for allmennlærerutdanninga. Planen blei oversend departementet i brev av 27.02.2007. Tiltaka i oppfølgingsplanen er i første rekkje retta mot å skape tettare samarbeid mellom fag, didaktikk og praksis ved ei tydelegare arbeidsdeling og eit tettare samarbeid mellom praksisskole og høgskole, og tydelegare fagdidaktisk og forskingstilknytt profil. HiT arbeider vidare med oppfølgingsplanen, og meiner at tiltaka her medverkar til å sikre at HiTs allmennlærerutdanning er av høg kvalitet og basert på erfaringskunnskap og relevant forsking. Det vert elles vist til vedlagt rapport om status for tiltaka i oppfølgingsplanen.

HiT mottok 14.06.2007 førebels rapport om revidering av akkreditering av bachelorgradsstudium i sjukepleie datert juni 2007. Her konkluderte den sakkunnige komitéen med at studiet ikkje oppfylte krava til reakkreditering. Grunnen til dette var i all hovudsak at fagplanen ikkje i naudsynt grad dokumenterte at HiTs studietilbod var basert på forskings- og utviklingsarbeid. På denne bakgrunnen oversende HiT i brev 29.06.2007 reviderte fag- og emneplanar, herunder reviderte pensumlister, for bachelorgradsstudium i sjukepleie. NOKUTs styre vedtok 09.11.2007 at bachelorgradsstudiet i sjukepleie ved HiT tilfredsstiller krava til reakkreditering.

Reakkrediteringa av HiTs bachelorgradsstudium i sjukepleie dokumenterer at HiT på dette området tilbyr utdanning av høg kvalitet, m.a. basert på erfaringskunnskap og det fremste innan forsking og utvikling. For å vidareutvikle kompetansen hos fagpersonalet arbeider HiT m.a. med å sikre at fleire av dei aktuelle lærarane opparbeider seg kompetanse på førstestillingsnivå.

*HiT skal auke talet på kandidatar i matematikk og realfag i tråd med Lisboa-strategien, samstundes som kjønnsbalansen skal betrast. Dette skal sjåast i samanheng med strategien "Et felles løft for realfaga" og satsinga via RENATE.*

HiT har eit stort fagmiljø innan natur-, helse- og miljøvern fag. Det har vore minkande søkning på desse områda i mange år, og situasjonen blei ytterlegare forverra i 2005 då studia fekk spesielle opptakskrav. Høgskolen gjorde i 2007 omfattande endringar i studieplanane for dei to bachelorgradsstudia, slik at opptakskravet kunne endrast til generell studiekompetanse. Dette har ført til auka rekruttering. Informatikk blir tilbode både som årsstudium og bachelorgradsstudium og er, med unnatak av ingeniørstudia, dei einaste studia med spesielle opptakskrav. Søknads- og opptakstala ligg på same nivå som i fjor. Det same gjeld ferdige kandidatar. Ingeniørstudia har auka både talet på søkjarar og opptakstalet, ein trend som har vart i fleire år. Høgskolen tilbyr ulike påbyggingsstudium i realfag innan lærarutdanning, m.a. matematikk, biologi og naturfag. Søkninga til desse studia har gått noko ned, medan talet på kandidatar har auka sidan i fjor.

I ingeniørstudia har talet på kvinner auka noko, medan informatikkstudia har så låge studenttal at utviklinga i kjønnsfordelinga er vanskeleg å vurdere statistisk. Natur-, helse- og miljøvern faga har tradisjonelt hatt ei balansert kjønnsamansetjing, og slik er det framleis.

*HiT skal utvikle studiekvaliteten med grunnlag i studiekvalitetsrapporten og eventuelle eigenrapportar.*

Studentdeltakinga i emneevalueringa og evalueringa av infrastruktur og læringsmiljø har vore, og er framleis, for låg. Ved emneevalueringa hausten 2007 vart det sett i verk fleire tiltak. Det viktigaste



tiltaket synest å vere involvering frå leiinga. Studentdeltakinga auka med 56 %.

Som del av kvalitetssikringssystemet har høgskolen etablert ein avviksdatabase. Læringsmiljøutvalet sin årlege rapport for 2006-2007 viser at også dette systemet er lite nytta. Hausten 2007 vart det difor utvikla ein ny database for registrering av avvik og forslag til betring. Databasen vil bli tatt i bruk våren 2008, og både studentar og tilsette vil kunne registrere avvik og forslag til betring.

I HiTs kvalitetssikringssystem er det fastsett ein eigen rutine for internevaluering av studieprogram. Styret vel kvart år ut minst eitt studieprogram som ei fast gruppe evaluerer. I 2007 handsama såleis styret rapporten frå gruppa si evaluering av høgskolens barnevernspedagogutdanning. Det går fram av rapporten at utdanninga i all hovudsak held god kvalitet, og at studentane er godt nøgde med studiet. Det vert likevel vist til område der det er potensial for forbetring. I samsvar med kvalitetssikrings-systemet er det utarbeidd ein handlingsplan der evalueringa vert følgt opp med aktuelle tiltak.

*HiT skal vidareutvikle kvalitetssikringssystemet og sørgje for at systemet blir forankra i fagmiljøa.*

Som nemnt ovanfor, er det gjort fleire verknadsfulle tiltak for å implementere rutinen for emneevaluering og evaluering av infrastruktur og læringsmiljø, og høgskolen vil halde fram dette arbeidet ved evalueringa våren 2008.

Avviksdatabasen er eit av høgskolens verkty for kontinuerleg betring av kvaliteten. Den nyutvikla databasen har låg brukarterskel, og den vil gje høgskolen god oversikt over moglege område for betring og over tiltak som er sette i verk.

Det er elles sett i gang eit arbeid med revisjon av det totale kvalitetssikringssystemet, og den første fasen vil bli avslutta i 2008.

*HiT skal fremje samarbeid mellom høgskolen og praksisstadene, både i specialist- og primærhelsetenesta.*

I rapporten for 2006 viste HiT til samarbeidsavtalar med primærhelsetenesta og med spesialisthelsetenesta om praksisundervisning og om gjennomføring av prosjekt i den samanhengen. Utviklinga av samarbeidet med praksisstadene er vidareført i 2007 gjennom m.a. etablering av referansegrupper for bachelorgradsstudia i helse- og sosialfag. Vidare er det etablert "møtepunkt" med primærhelsetenesta og med spesialisthelsetenesta om gjennomføring av praksisundervisning. Samarbeidsmidlane for praksisundervisning er viktige verkemiddel for å fremje dette samarbeidet. I denne samanhengen held HiT informasjons- og søkjarmøte før utlysinga av slike midlar. Meininga med desse møta er å sørgje for informasjon til aktuelle søkjarar om fordelinga av midlane og om sjølve søknadsprosessen. Vi viser elles til rapporten om bruken av samarbeidsmidlane under anna rapportering.

### **Eigendefinerte utvalde område**

*Søklar- og opptakstala skal haldast på 2006-nivå i helse- og sosialfaga, i lærarutdanningane, i ingeniørutdanninga og i realfaga.*

Søkinga til helse- og sosialfaga gjekk noko ned i 2007, ein trend som går igjen over heile landet. Søkjartala gjekk ned for alle grunnstudia, men mindre for deltidsstudia. Opptakstala var likevel på

same nivå som i 2006 sidan det framleis er konkurranse om studieplassane på desse studia. Vidareutdanningane innan helse- og sosialfaga rekrutterer framleis godt. Det same gjeld det nyoppretta mastergradsstudiet i fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge.

Lærarutdanningane hadde nedgang i søkjar- og opptakstal. Søkninga både til allmennlærer- og faglærarutdanningane gjekk ned, medan forskolelærarutdanninga, med unnatak av tilbodet på Notodden, hadde auka søkjar- og opptakstal. Også her rekrutterer deltidstilbodet godt. Praktisk-pedagogisk utdanning fekk i år nedgang i talet på søkjarar i høve til i fjor, men 2006 var eit år med svært god rekruttering.

Ingeniørutdanningane hadde ein klar framgang i søkjartala i 2007. Dette gjeld både søkning gjennom SO, og søkning gjennom tresemesterordninga. I 2007 vart forsøksordninga med opptak på grunnlag av yrkesfagleg vidaregåande opplæring (Y-veien) utvida til å gjelde alle linene. Søkninga gjennom Y-veien er framleis god også for dei nye studieretningane. Rekruttering og opptak til mastergradsstudia gjekk noko attende, men er framleis på eit akseptabelt nivå sett i høve til dagens gode arbeidsmarknad. Dette skuldast i stor grad at det er mange utanlandske søkjarar til desse studia. Realfaga har stabile men låge søkjartal.

*HiT skal søkje om å få tildelt ECTS (European Credit Transfer System) label, dersom ordninga held fram.*

Det har ikkje vore utlyst frist for slik sertifisering i 2007. HiT nyttar tidlegare malar for slik sertifisering i arbeidet med sin informasjon til utanlandske studentar og partnerar.

## **Utdanning**

### *Delmål 1.0 (eigendefinert)*

*Høgskolen i Telemark (HiT) skal vere universitet innan 2013, anten åleine eller saman med andre.*

Høgskolen har sendt søknad til NOKUT om akkreditering av doktorgradsstudium i gass- og energisystem. Høgskolestyret har handsama utgreiingar om doktorgradsutdanningar innan områda kulturstudiar og økologi, og vedteke at det skal sendast søknad til NOKUT om akkreditering av doktorgradsstudium på begge område. Høgskolestyret har elles peika ut det fjerde doktorgradsområdet, som er førebyggjande helsearbeid. Det er sett ned ei utgreiingsgruppe som skal vurdere om høgskolen skal sende søknad til NOKUT om akkreditering av doktorgradsstudium på dette området.

Målet om å etablere eit universitets-/kompetansefond innan utgangen av 2007 blei ikkje nådd. Det er sett ned ei interimsguppe med representantar frå Telemark fylkeskommune (TFK), HiTs vertskommunar, finansnæringa i Telemark, næringslivet i Telemark og HiT for å arbeide med dette. TFK leiar gruppa, og har så langt sett av 10 mill. kroner til fondet.

Høgskolen sette i 2007 av 2,3 mill. kroner til strategiske satsingstiltak til planlegging og realisering av doktorgrads- og mastergradsstudium.

### Delmål 1.1

*Høgskolen i Telemark skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnet sitt behov.*

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	2007	
Talet på primærstøkkarar per studieplass	1,60	1,79	1,45	1,71	1,53
Talet på uteksaminerte kandidatar fordelte på utvalde område					
• sjukepleie	109	78	102	112	105
• vernepleie	39	70	56	90	85
• allmennlærer	70	85	94	82	75
• førskolelærer	95	78	87	96	90
• ingeniørutdanning	76	97	84	76	100
<b>Resultatindikatorar fastsette av høgskolen</b>					
Primærstøkkarar i samordna opptak	2064	2081	2098	2437	2200
Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar)	4556	4579	4443	4503	4600
Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar	81	71	98	67	120
Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar	632	689	659	718	700

HiT hadde i 2007 oppgang i talet på søkkjarar, både i lokalt opptak og i SO-opptaket. Samstundes gjekk søkninga til høgare utdanning nasjonalt gjennom SO tilbake. Dette inneber at HiT hadde sterk framgang i marknadsdel, frå 2,24 % i 2006 til 2,66 % i 2007. Mykje av auken i søkkjarmengda gjeld det nyoppretta bachelorgradsstudiet i eigedomsmekling, med 352 førsteprioritetssøkkjarar. Elles var vernepleiarstudiet på deltid, som startar opp kvart anna år, også med på å auke søkkjartalet. Generelt synest det å vere ein trend at deltidsstudia rekrutterer godt. Studenttalet steig i høve til året før, men måлтаlet på 4 600 eigenfinansierte heiltidsekvivalentar vart ikkje nådd. Talet på registrerte studentar auka frå 4 872 i 2006 til 5 020 i 2007, ein framgang på 148 studentar, medan talet på eigenfinansierte heiltidsekvivalentar berre auka med 60. Dette viser at HiT har mange deltidsstudentar. På bachelorgradsnivå var det auke i talet på uteksaminerte kandidatar, og måлтаlet for 2007 vart nådd og vel så det. For uteksaminerte mastergradskandidatar vart målet ikkje nådd.

På dei utvalde områda var det berre ingeniørutdanninga som ikkje nådde måлтаlet for uteksaminerte kandidatar. Mykje av årsaka er truleg den gode arbeidsmarknaden.

HiT har for dårleg gjennomstrøyming av studentar på mastergradsnivå, og nokre av mastergradsstudia skil seg negativt ut. Dette gjeld først og fremst idrett, kroppssøving og friluftsliv og kulturstudia. Men også natur-, helse- og miljøvernstudia har svak gjennomstrøyming.

## Læringsmiljø

### Delmål 1.2

*Høgskolen i Telemark skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.*

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	2007	
Nye studiepoeng per eigenfinansiert student per år	44,2	43,0	45,0	44,6	45,0
Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	18,8	17,6	16,8	17,2	16,2
<b>Resultatindikatorar fastsette av høgskolen</b>					
Talet på eigenfinansierte nye studiepoeng	3646	3537	3650	3735	3600

Hausten 2006 fekk Læringsmiljøutvalet (LMU) ved høgskolen eit nytt mandat, og utvalet sine oppgåver blei avgrensa til det som er pålagt i Lov om universitet og høgskolar, dvs. studentvelferd og læringsmiljø. LMU har såleis ikkje lenger oppgåver knytte direkte til arbeidet med studiekvaliteten ved høgskolen. Leiargruppa har i staden fått eit spesielt ansvar for å følgje opp kvalitetssikringa.

Utfordringane framover ligg i å få implementert kvalitetssikringssystemet i alle ledd i organisasjonen. Det er sett i gang eit arbeid med å revidere og vidareutvikle kvalitetssikringssystemet.

I 2007 gjekk studenttalet opp, og talet på eigenfinansierte studiepoeng auka med 85, frå 3 650 til 3 735, 150 studiepoeng over resultatmålet for 2007. Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling auka med 0,4, dvs. ein auke på 1,0 i høve til resultatmålet. Talet på studiepoeng per student hadde derimot ein svak nedgang på 0,4 studiepoeng, dvs. litt under resultatmålet.

Høgskolen skal gjere greie for endringar i studiepoengproduksjonen for dei studieprogramma som har over 20 60-studiepoengseiningar og endringar på meir enn 20 prosent frå førre rapporteringsår innanfor kvar finansieringskategori A-F, jf. brev av 17.10.07 frå KD.

Tabellen under viser dei studieprogramma dette gjeld.

Fin.kategori	Kode	Namn	Prod i 2006	Prod i 2007	Endring i %
D	934	Mastergradsstudium i kulturstudier	19,20	27,80	44,79
E	003	Bygg, 3-årig ingeniørutdanning - bachelor	62,80	79,20	26,11
E	012	Maskin, 3-årig ingeniørutdanning – bachelor	30,70	41,70	35,83
E	061	Bachelorgradsstudium i vernepleie, deltid 4 år	44,90	69,60	55,01
E	156	Faglærarutdanning i praktisk-estetiske fag	24,50	32,40	32,24
E	441	Bachelorgradsstudium i visuelle kunsthøgskole og design	21,00	35,00	66,67
E	688	Gassteknologi, 3-årig ingeniørutdanning – bachelor	42,60	52,90	24,18
E	892	Allmennlærarutdanning, nettbasert	56,90	41,70	-26,71

F	359	Bachelorgradsstudium i internasjonal marknadsføring	34,50	43,30	25,51
F	369	Bachelorgradsstudium i økonomi og administrasjon	38,80	52,40	35,05
F	405	Friluftsliv, kultur- og naturrettleiing 1	19,60	24,80	26,53
F	517B	Examen philosophicum med tilleggsemne	68,00	96,10	41,32

For mastergradsstudium i kulturstudier har talet på studentar og produksjonen per student auka. For bachelorgradsstudium i vernepleie, deltid 4 år, og nettbasert allmennlærerutdanning, er ikkje produksjonen av studiepoeng jamt fordelt mellom semestra. Ved dei andre studieprogramma har talet på studentar auka.

## Internasjonalisering

### Delmål 1.3

*Høgskolen i Telemark skal ha internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som både fører til auka utdanningskvalitet og sikrar kvalifiserte kandidatar til samfunns- og næringsliv.*

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	2007	
Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande)	80	91	107	154	120
Talet på framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng	300	385	490	720	718

HiT har eit omfattande internasjonalt nettverk og er aktiv innanfor internasjonalisering i så vel utdanning som forskning. I dei siste 3 – 4 åra har høgskolen satsa mykje på å auke aktiviteten, og satsinga gjev no resultat. Det er lagt til rette for studentutveksling (3 mnd +) i dei fleste gradsprogramma, særleg på lågare grads nivå. Fleire program gjev studentane høve til å vere med på internasjonale intensivkurs og samlingar i nordiske og europeiske nettverk (sjukepleie, sosialfag, lærarutdanning, forming og økonomisk-administrative fag). HiT er med i ein ny, felles nordisk bachelorgrad i økonomisk-administrative fag, og samarbeider med fleire europeiske institusjonar om eit mastergradsprogram i vasskvalitet (Inland Water Quality Assessment, for tida til endeleg vurdering for akkreditering i NOKUT). Innanfor folkekunst er det eit aktivt samarbeid med fleire land i Aust-Europa om å byggje opp formell utdanning i folkemusikk (mellom anna i Ungarn og Ukraina). HiT er med i eit prosjekt om etablering av utdanning i miljøvern og økoturisme i Kirgisistan (med stønad frå UD sitt Sentral-Asia-program) og eit anna prosjekt i Sri Lanka knytt til mastergradsutdanning i energiteknologi (NOMA). Sjukepleiarutdanninga ved HiT er, saman med sjukepleiarutdanninga ved fleire andre norske høgskolar, med i eit prosjekt for å styrkje sjukepleiarutdanninga i Malawi (stønad frå Kyrkjens naudhjelp). Sosialfagutdanningane ved HiT samarbeider aktivt med eit universitet i Serbia.

Samarbeidet med partneruniversitet i Midt-Vesten er styrkt gjennom fleire vitjingar, og det har resultert i student- og personalutveksling og auka samarbeid på fleire område (sjukepleie, ingeniørutdanning, økonomisk-administrative fag, engelsk, lærarutdanning og idrett/kroppsøving). Idrett og friluftsliv har og inngått samarbeid om både student- og personalutveksling med eit universitet i Arizona.

Forming og lærarutdanning samarbeider med japanske universitet, og innanfor lærarutdanning og sosialfag er det etablert eit samarbeid med India, m.a. om undervisning og sosialarbeid i fleirkulturelle

miljø.

Kina-samarbeidet (mellom Universitetet i Agder og HiT) held fram, og frå 01.01.2008 er Høgskolen i Gjøvik med som ein tredje part i samarbeidet. Ved HiT er teknologiske fag og helsefag aktive i samarbeidet med fleire universitet i Hubei, samstundes som regionalt næringsliv og Telemark fylkeskommune er med i samarbeidet. Personalutveksling og prosjektsamarbeid står sentralt her.

I Europa er det samarbeid med baltiske universitet innanfor natur- og miljøvern (forskning på populasjonsstruktur hos bregna strutsevege (støtte frå Forskringsrådet) og om flått og flåttborne sjukdomar). Idrett er med i eit samarbeidsprosjekt med eit engelsk universitet om samanliknande idrettspolitik (støtte frå Forskringsrådet).

Talet på utanlandske studentar (utvekslingsstudentar og programstudentar) aukar kvart år. HiT ser det som positivt at dei internasjonale studentane no har skipa eit "lokallag" av International Students' Union of Norway. Utanlandske og norske studentar kan vere medlemer, og laget får noko stønad til drifta frå HiT.

### **Studentutveksling**

Frå 2006 til 2007 auka talet på utvekslingsstudentar (inn + ut) med 44 % (jf. resultatindikatorar ovanfor), og det totale resultatmålet blei overstige med 34 studentar. HiT er svært nøgd med denne utviklinga, men meiner at tala framleis bør auke ein del før ein kan seie seg fullt ut nøgd med resultatet.

I brev av 17.10.07 ber departementet om at institusjonane vurderer fordeling på ulike studieprogram om endringa frå 2006 er på meir enn 20 % på institusjonsnivå. Til dette har vi følgjande kommentarar:

Talet på utreisande studentar auka med 34,7 % (frå 49 til 66) frå 2006 til 2007. Det er særleg sosialfag (vernepleie, barnevern/fleirkulturelt barnevern - 24 utreisande studentar totalt) som hadde stor auke i 2007 som følgje av endringar i studieplanar og eit systematisk arbeid for å leggje til rette for praksisplassar i utlandet. Elles er interessa for opphald i utlandet aukande innanfor lærarutdanning (faglærar i kroppsøving), formingsfag, idrett og friluftsliv og ingeniørutdanning. HiT arbeider aktivt for å få fleire av studentane til å søkje opphald i utlandet, særleg innanfor Erasmus-programmet. Tilbodet om stipend ser ikkje i seg sjølv ut til å vere eit godt nok incitament.

Talet på innreisande studentar er førebels høgare enn talet på utreisande studentar, og auka med 37,5% (frå 64 til 88) frå 2006 til 2007. Det er naturleg nok dei engelskspråklege tilboda som er særskilt tilrettelagde for utvekslingsstudentar, som er mest attraktive. Desse programma er lagde til rette for at studentar frå ulike utdanningar kan følgje dei. Fordelinga i 2007 var slik: Physical Education, Sport, Culture and Society (lærarutdanning/faglærar i kroppsøving/idrett) hadde 20 utanlandske studentar, Alpine Ecology (natur- og miljøvern) 14, Outdoor Life, Culture and Ecophilosophy (idrett og friluftsliv) 5, Business Administration for Exchange Students (økonomisk/administrative fag) 6 og Scandinavian Studies in Telemark (kultur/humanistiske fag) 14. I tillegg ser Marknadsføring ut til å vere populært med 8 innreisande studentar.

### **Framandspråklege utdanningstilbod**

Fleire fagmiljø har no tilbod om emne som det blir undervist i på engelsk (sjå merknader til resultatindikatorane nedanfor). HiT har desse tilboda på engelsk: AF: Alpine Ecology – 60 stp,

Outdoor Life, Culture and Ecophilosophy – 30 stp, Business Administration for Exchange Students – 30 stp, Scandinavian Studies in Telemark – 60 stp, ymse andre emne – 30 stp. EFL: Physical Education, Sport, Culture and Society – 60 stp og Norwegian Folk Music – 30 stp. TF: Tre mastergradsprogram i teknologi – 120 stp på kvart program. Røynsla tilseier at tilbod om emne på engelsk er viktig for å auke talet på utanlandske utvekslingsstudentar. Dei skapar interesse hos partnarane i andre land og er nettverksbyggjande. Det å undervise på engelsk er ein terskel for mange fagleg tilsette, men dei får røynsle i tverrkulturell kommunikasjon og i bruk av engelsk som arbeidsspråk.

HiT ønskjer at fleire fagmiljø etter kvart skal gje tilbod om emne som det kan undervisast i på engelsk, og at desse emna og skal vere attraktive for eigne studentar som ein introduksjon til engelsk fagterminologi på eige fagområde og som eit døme på ”internasjonalisering heime” for dei som ikkje ønskjer å dra ut.

### Vurdering

Aktiviteten innanfor internasjonalisering er stor. HiT er nøgd med utviklinga innanfor området internasjonalisering i utdanningsverksemda. Studentutvekslinga er aukande, og det er aukande interesse for personalutveksling. Fleire miljø har blitt trekte inn i internasjonale nettverk. Nokre miljø legg meir til rette for samarbeid og er meir aktive enn andre. Ein ser døme på at gode resultat i eitt miljø spreier seg til andre miljø. HiT meiner at høgskolen har eit godt utbygd internasjonalt nettverk, og arbeider for tida aktivt for å kople saman ulike fagområde i høgskolen når det gjeld internasjonalisering og for å introdusere nye miljø til etablerte avtalepartnarar.

### Utfordringar dei komande åra

- Rette meir fokus mot utveksling som del av mastergradsprogramma ved HiT
- Auke talet på eigne utvekslingsstudentar til 150 i året, med særleg vekt på auke i talet på Erasmus-utvekslingar
- Auke deltakinga i prosjekt innanfor Nordplus og Erasmus
- Auke talet på personalutvekslingar
- Integrere internasjonaliseringsaktivitetane i planlegginga av den ordinære utdanningsverksemda
- Auke leiarane sitt fokus på internasjonalisering som ein viktig del av deira strategiske leiarskap
- Etablere fleire emne på engelsk innanfor fleire fagmiljø.

### **Evaluering**

#### Delmål 1.4 (eigendefinert)

*Høgskolen i Telemark skal ha god studentdeltaking i evaluering av emne, infrastruktur og læringsmiljø.*

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	2007	
Prosentdel deltaking i evaluering av emne	35	27	20	31	40
Prosentdel deltaking i evaluering av infrastruktur og læringsmiljø			12	13	40

Høgskolen nådde ikkje målet på 40 % deltaking i emneevalueringa og evaluering av infrastruktur og læringsmiljø. Prosentdel deltaking i evaluering av emne våren 2007 vart 25 %. Ved emneevalueringa hausten 2007 blei det sett i gang fleire tiltak, der det viktigaste ser ut til å vere sterk involvering frå leiinga. Svarprosenten for emneevalueringa hausten 2007 blei 39 %, og dette er ein auke på 56 % samanlikna med resultatet frå våren 2007. Prosentdel deltaking i evaluering av infrastruktur og læringsmiljø var låg (13 %). Infrastruktur og læringsmiljø vert evaluert ein gong per år i vårsemesteret. Arbeidet som er sett i gang med å implementere rutine for emneevaluering og evaluering av infrastruktur og læringsmiljø, vil truleg auke deltakinga ved evalueringa av infrastruktur og læringsmiljø våren 2008.

## Hovudmål 2

*Høgskolane skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Høgskolane har ansvar for utvikling av praktisk retta forskning og utviklingsarbeid på fagområda sine. Høgskolar som kan tildele doktorgrad, har eit særskilt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning innan dei fagområda der dei tildeler doktorgrad.*

## Utvalde område

*HiT skal styrkje fagleg leiing og organisere verksemda i gode fagmiljø.*

Instituttleiarane rapporterer meir regelmessig om pågåande FoU-arbeid til dekan, og det blir no systematisk teke referat frå leiarmøta. Den faglege leiinga ved avdelingane har peika ut satsingsområde for FoU-verksemda samstundes som det er peika ut FoU-grupper som tilsvarer satsingsområda. Det er i aukande grad etablert tverrfaglege forskingsprosjekt. Det er gjennomført dialogmøte mellom faglege leiarar og forskingsaktive miljø ved avdelingane og institusjonsleiinga om korleis høgskolen skal auke inntektene frå Forskingsrådet og EU. FoU-ressursar blir i aukande grad prioriterte til aktive forskingsmiljø innanfor dei fire doktorgradsområda. Arbeidet med å styrkje den faglege leiinga av FoU-verksemda ved høgskolen held fram.

*HiT skal følgje opp realfagssatsinga.*

Høgskolen har tilbod om etter- og vidareutdanning i matematikk og naturfag. Det er mogeleg å ta inntil 90 studiepoeng i matematikk.

Høgskolen satsa på eigen marknadsføring av natur-, helse- og miljøvern fag og informatikkstudium før opptak i 2007. Innanfor natur-, helse- og miljøvern fag auka talet på studentar monaleg. Det var derimot ingen auke i talet på studentar i informatikkstudiet.



*HiT skal tilsette stipendiatar i dei stillingane det er gitt løyving for.*

Høgskolen har tilsett stipendiatar i dei fleste stillingane det er gjeve løyving for. Det er per i dag ikkje tilsett i to stillingar, m.a. av di søkjarar som har fått tilbod, har trekt seg. Stillingane var lyste ut i 2007 og det vil bli tilsett våren 2008.

*HiT skal prioritere Forskingsrådet sitt program retta inn mot høgskolesektoren og nyskappingsverksemd, og delta i internasjonalt samarbeid og EU sitt rammeprogram.*

Høgskolen har delteke aktivt i arbeidet med Telemarks søknad om midlar frå Forskingsrådet sitt program "Virkemiddel for regional innovasjon og forskning" (VRI) gjennom deltaking i styrings- og referansegruppe og sekretariat. Høgskolen er tiltenkt ei aktiv rolle i delprosjekta "Klyngeutvikling og innovasjon i Telemarks IKT-næring" og "Innovativt kunde – leverandørsamarbeid".

Høgskolen har internasjonalt FoU-samarbeid med mellom anna Kirgisistan, Litauen, Kina og England.

Høgskolen deltek i ein søknad til EU i eit Interreg-prosjekt for kartlegging av kjemiske stoff, vasskvalitet og fruktdyrking.

Høgskolen skal trappe opp innsatsen for å hente meir inntekter frå Forskingsrådet og EU.

## **Forskings- og utviklingsarbeid**

### Delmål 2.0 (eigendefinert)

*For å kunne realisere universitetsambisjonen skal Høgskolen i Telemark ha sterke miljø for FoU og kunstnarleg-kreativ verksemd som hevdar seg nasjonalt og internasjonalt, og særleg på dei områda der høgskolen har eller skal etablere doktorgrads- og mastergradsutdanningar.*

Høgskolen sette av 2,3 mill. kroner i strategiske satsingstiltak på institusjonsnivå i 2007, retta inn mot doktorgrads- og mastergradsområda. Høgskolen har tilsett i/lyst ut to professorstillinger på kvart av doktorgradsområda gass- og energisystem og kulturstudiar.

### Delmål 2.1

*Høgskolen i Telemark skal medverke til profesjonsretta forking, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen.*

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	2007	
Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,15	0,22	0,19	0,26	0,27

Forskringsrådet tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	66618	56934	36043	59962	37175
EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	2148	0	0	0	0
Utveksling av tilsette via programavtaler	93	41	36	66	110
<b>Resultatindikatorar fastsette av høgskolen</b>					
Publikasjonspoeng totalt	37,5	61,2	54,5	73,0*	60,0

\* Tala for publikasjonspoeng blir ikkje endeleg godkjende før i mars.

HiT har ei relativt omfattande forskings- og utviklingsverksemd. Mellom anna medverkar høgskolen til nyskapande verksemd i regionen gjennom aktiv forskning innanfor CO2-fangst og utvikling av nye energikjelder som hydrogen. Høgskolen sin aktivitet i 2007 var og stor innanfor Forskringsrådet sine program Næringsretta Høgskolesatsing og FORNY. Høgskolen fekk i 2007 auka tildeling frå Forskringsrådet. Dette skuldast i hovudsak ny tildeling av strategisk høgskoleprosjekt og tildeling av midlar til avansert vitenskapleg utstyr. Talet på vitenskaplege publikasjonar ligg på same nivå som i 2006. Talet på publikasjonspoeng har likevel auka frå 54,5 til 73 frå 2006 til 2007. Dette skuldast i hovudsak at høgskolen i 2007 har ein større forfattardel og ein auke i talet på monografiar. Høgskolen hadde ein liten framgang i tildeling av forskingsmidlar frå EU. Fagtilsette ved høgskolen deltar per i dag ikkje i EUs 7. rammeprogram.

#### Utveksling av tilsette via programavtaler

Målet for totalt tal på utveksling av tilsette (ut + inn) for 2007 var 110. Resultatet blei 66. HiT er ikkje nøgd med resultatet, sjølv om auken i høve til 2005 og 2006 er stor. Komande år vil høgskolen ha særskild fokus på tiltak for å auke talet på Erasmus-utvekslingar. Saman med institutt og avdelingar vil ein mellom anna sjå på ulike incitament for å auke interessa for personalutveksling.

Dei fleste utvekslingane gjeld undervisning. For å auke talet på FoU-relaterte utvekslingar har Internasjonalt utval mellom anna opna for at det kan søkjast om reisemidlar til FoU-føremål, der ein tidlegare berre kunne søkje midlar til undervisningsopphald.

Det internasjonale FoU-samarbeidet er i mindre grad avtalebasert enn utdanningsverksemda. Sidan rapporteringa fokuserer på avtalebasert utveksling, kan det vere ein del underrapportering. HiT vil ha meir fokus på avtalefesting av internasjonalt FoU-samarbeid i åra framover.

## **Forskarutdanning**

### Delmål 2.2

*Høgskolen i Telemark skal sørge for god gjennomføring av forskarutdanninga for tilsette i stipendiatstillingar.*

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	2007	
Resultatindikatorar fastsette av høgskolen					
Talet på stipendiatar knytte opp mot NTNU-samarbeidet	26	25	31	31	31
Talet på stipendiatar knytte opp mot andre institusjonar enn NTNU	28	21	30	30	30
Gjennomsnittleg tid (år) for fullføring av doktorgradsstudium for tildelte stipendiatstillingar	4	3,5	4	3,5	4

Talet på stipendiatar knytte opp mot NTNU-samarbeidet har halde seg stabilt dei to siste åra, og oppfyller også resultatmålet for 2007. Det same gjeld stipendiatar knytte opp mot andre institusjonar enn NTNU.

Gjennomsnittleg tid for fullføring av doktorgradsstudium gjekk ned med eit halvt år frå 2006 til 2007. Talet på gjennomførte doktorgrader er så få (tre i 2007) at det er vanskeleg å vurdere om dette er ein positiv trend. Det er eit mål for høgskolen at fleire stipendiatar skal fullføre doktorgraden.

## 2.1 Nye doktorgradsavtalar, heile 2007

Studium (DBH-kategoriar)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre eksterne kjelder	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
Faglærerutdanning	2	2	0		0	
Teknologi					2	
<b>Totalt</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>0</b>		<b>2</b>	

## 2.2 Alle doktorgradsavtalar, haust 2007

Studium (DBH-kategoriar)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre eksterne kjelder	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
Faglærerutdanning	5	4				
Pedagogiske fag	2	2				
Realfag	4	1				
Humanistiske fag	5	3	1	1	1	
Samfunnsvitenskaplege fag	3	1				
Matematisk-naturvitenskapleg utdanning	1	1	1	1		
Anna	5	3	2			
Teknologi	11	4	3	2	17	2
<b>Totalt</b>	<b>36</b>	<b>19</b>	<b>7</b>	<b>4</b>	<b>18</b>	<b>2</b>

### 2.3 Avlagte doktorgrader, heile 2007

Studium (DBH-kategoriar)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre eksterne kjelder	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
Human	0		0		1	
Teknologi	1				1	
<b>Totalt</b>	1		0		2	

### 2.4 Gjennomstrøyming i organisert doktorgradsutdanning, studentar finansierte over institusjonens grunnbudsjett, heile 2007

Studium (DBH-kategoriar)	Avlagte doktorgrader		Gjennomsnitt årsverk, <b>brutto</b>		Gjennomsnitt årsverk, <b>netto</b>		Avbrotne doktorgrads-avtalar	Avtalar 5 år eller eldre	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner		totalt	kvinner
Teknologi	1		3,75		3,5			6	3
<b>Totalt</b>	1		3,75		3,5			6	3

### 2.5 Gjennomstrøyming i organisert doktorgradsutdanning, studentar finansierte over Noregs forskingsråd, heile 2007

Studium (DBH-kategoriar)	Avlagte doktorgrader		Gjennomsnitt årsverk, <b>brutto</b>		Gjennomsnitt årsverk, <b>netto</b>		Avbrotne doktorgrads-avtalar		Avtalar 5 år eller eldre	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
Anna									2	
<b>Totalt</b>									2	

### 2.6 Gjennomstrøyming i organisert doktorgradsutdanning, studentar finansierte over andre eksterne kjelder heile 2007

Studium (DBH-kategoriar)	Avlagte doktorgrader		Gjennomsnitt årsverk, <b>brutto</b>		Gjennomsnitt årsverk, <b>netto</b>		Avbrotne doktorgrads-avtalar		Avtalar 5 år eller eldre	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
Teknologi	1		3,5		3				4	
Human	1		4		4					
<b>Totalt</b>	2		3,75		3,5				4	

## 2.7 EU-finansierte prosjekt (eksklusiv utdanningar)

Tema for prosjektet	Storleik på finansieringa	Koordinatorrolle (JA/NEI)
Nettbasert språkundervisning	70 000 (til saman 212 000 over tre år (2005, 2006, 2007)).	Nei
Polaraften, forskingsdagane	40 000	Nei

### Hovudmål 3

*Høgskolane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Høgskolane skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.*

### Utvalde område

*HiT skal leggje til rette for at forskingsresultat er lett tilgjengelege for ålmente og samfunn.*

HiT etablerte i 2007 Telemark Open Research Archive (TEORA). Dette er eit ope og gratis arkiv med forskingsarbeid frå forskingsinstitusjonar og forskingsmiljø i Telemark. Arkivet omfattar også mastergradsoppgåver og andre studentarbeid av høg kvalitet. Alt ved den offisielle lanseringa rett før jul var det registrert om lag 300 arbeid i TEORA.

Forskingsdagane 2007 blei gjennomførte med til dels store arrangement som m.a. festprogram om polarkultur, næringslivsseminar, energikamp for sjuandeklassingar og konkurranse for ungdomsskoleelevar om framtidssamfunnet. Det totale publikums- og deltakartalet var om lag 1100.

Som ledd i formidlinga til ålmenta og samfunnet blei det ved HiT i 2007 gjennomført ei rad konferansar og andre faglege arrangement. Blant desse var nordisk konferanse om kulturpolitikkforskning (arrangert gjennom Senter for kultur- og idrettsstudiar), pubdebatt om integrering, Telemarkskonferansen 2007 der temaet denne gongen var barneidrett og spesialisering, fagkonferanse for pedagogar på barnetrinnet og i barnehagar med presentasjon av nyare forskning og utviklingsarbeid (samarbeid med Fylkesmannen i Telemark og Utdanningsforbundet), konferansen "Dobbel nytelse - et dypdykk inn i bildeboka", landskonferansen for studie- og praksisleiarar, konferansen "Læringslandskap: Skolens uterom som arena for lek, fysisk aktivitet og læring" for fylka Telemark, Vestfold og Buskerud, fagkongressen "Eldre og verdighet – visjoner og hverdag" (saman med Sykehuset Telemark), og konferansen "Musikk og nasjonalisme i Norden 1700 – 2000 (saman med Universitetet i Århus og Helsingfors).

*HiT skal inngå FoU-samarbeid med regionalt næringsliv og delta i regionale innovasjonsnettverk.*

Høgskolen hadde eit godt samarbeid med regionalt arbeids- og næringsliv i 2007 gjennom regionale nettverk som Bioenergiforum, Arena-nettverket, VRI-programmet i Telemark, strategigruppa for næringsutvikling og den gode bustad, Næringsretta Høgskolesatsing og VS-2010.

Høgskolen deltar i konkrete regionale og lokale prosjekt med mellom anna Midt-Telemark næringsutvikling, IKT-Grenland, konsulentfirma Tveiten AS og Telemarksforskning-Bø.

*HiT skal leggje til rette for å gje utdanningstilbod som er relevante i nyskapingssamanheng.*

<b>Tabell 1.26 Undervisningstiltak i nyskapingssamanheng</b>				
<b>Emne</b>	<b>Studieprogram-tilknytting</b>	<b>Studie-poeng</b>	<b>Avlagte studiepoeng (eksternt-finansiert)</b>	<b>Avlagte studiepoeng (eigen-finansiert)</b>
Produktutvikling	Bachelorgradsstudium i innovasjon og entreprenørskap	10		150
Entreprenør og samfunn	Bachelorgradsstudium i innovasjon og entreprenørskap	10	60	140
Immateriell rett	Bachelorgradsstudium i innovasjon og entreprenørskap	10		30
Innovasjonsleiing	Bachelorgradsstudium i innovasjon og entreprenørskap	30		210
Studentbedrift	Bachelorgradsstudium i ingeniørfag	18/21		345
Produktutvikling og marknadsføring	Bachelorgradsstudium i ingeniørfag	6		216
Total kvalitetsleiing	Bachelorgradsstudium i ingeniørfag	6		276

Høgskolen held fram satsinga på innovasjon og entreprenørskap gjennom eksisterande tilbod som til dømes bachelorgradsstudium i innovasjon og entreprenørskap, etablert i 2006, og tilbod om emnet Studentbedrift knytt til bachelorgradsstudium innan ingeniørfag.

*HiT skal styrkje FoU-arbeid og samarbeid retta mot praksisfeltet i profesjonsfaga.*

Høgskolen prioriterer profesjonsretta FoU-aktivitet ved tildeling av FoU-midlar. Det er gjennomført FoU-arbeid innan til dømes norsk, matematikk, naturfag og kroppsøving som har vore retta mot praksisfeltet.

Det er gjort sonderingar om deltaking i prosjektet "Praksis i lærarutdanningane" (PIL), som er eit samarbeid med NTNU og Universitetet i Agder (UiA).

Det er inngått intensjonsavtale med UiA om ein felles søknad om etablering av Senter for omsorgsforskning i region Sør. Det er elles arbeidd med ein søknad til Forskringsrådet innanfor program for helse- og omsorgsforskning.

## **Formidling**

### *Delmål 3.1*

*Høgskolen i Telemark skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda.*

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	2007	
Resultatindikatorar fastsette av høgskolen					
Talet på formidling av fagleg populærvitskapleg karakter	53	32	41	53	50

Med 54 registrerte aktivitetar gjennom Forskdok er målet om 50 i 2007 meir enn oppnådd etter jamn auke dei siste tre åra. Samanlikna med 2006 har det vore ein vesentleg auke av talet på aktivitetar innan idretts- og friluftslivsfag og sosialfag, medan det har vore nedgang innan lærarutdanningane. Måloppnåinga skuldast mellom anna auka medvit internt om verdien av å drive allmenn formidling av forskning og forskingsresultat.

## Innovasjon og verdiskaping

### Delmål 3.2

*Høgskolen i Telemark skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping.*

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	2007	
Omfang av eksternt finansiert verksemd (EFV) Målt i tusen kroner	23 981	15 596	11 773	15 193	15 000
Mottekne forretningsidéar	5	0	2	3	4
Nyoppretta selskap baserte på mottekne forretningsidéar	1	0	0	1	2

Høgskolen mottok tre nye forretningsidéar i 2007. Det blei oppretta eit nytt selskap basert på ein tidlegare motteken forretningsidé. Høgskolen utarbeidde og fastsette ordning for handtering av immaterielle rettar innanfor rammene av arbeidstakaroppfinningslova.

## Hovudmål 4

*Høgskolane skal ha ei personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane.*

### Utvalde område

*HiT skal fremje likestilling i akademia.*

Høgskolen held fram arbeidet med å auke prosentdelen kvinner i dei faglege stillingsgruppene, og då spesielt i første- og toppstillingar. Mellom anna har fleire kvinner nytta seg av den ordninga høgskolen har for kvalifisering til førstelektoropptrykk. Dessutan har høgskolen si ordning for tildeling av

utdanningsstipend for høgskolelærarar ført til at fleire kvinner har auka det formelle kompetansenivået sitt og kvalifisert seg til å bli høgskolelektor.

*HiT skal redusere sjukefråværet for alle grupper av tilsette.*

Sjukefråværet samla sett for HiT viste ein liten auke frå 4,4 til 4,8 % frå 2006 til 2007. Høgskolen makta dermed ikkje å oppfylle målsetjinga om å redusere sjukefråværet for alle grupper tilsette. Sjukefråværet kan likevel ikkje seiast å vere urovekkjande høgt.

Dersom ein analyserer tala nærare, ser ein at det er korttidsjukefråværet som har auka. Langtidssjukefråværet viser ein reduksjon frå 2,2 % i 2006 til 1,5 % i 2007. Elles viser tala at sjukefråværet blant teknisk-administrativt tilsette er noko høgare enn blant fagleg tilsette. Kvinner har noko høgare sjukefråvær enn menn i begge grupper.

*HiT skal etterleve regelverket for offentlege innkjøp.*

Etter at den nasjonale terskelverdien blei sett opp til kr 500 000, har talet på kunngjeringar gått kraftig ned. I 2007 kunngjorde høgskolen berre tre konkurransar. Likevel meiner høgskolen å ha kontroll med dei store innkjøpa.

Innføring av Contempus har gjeve betre kontroll på fakturaene. For mindre innkjøp ventar ein med ytterlegare tiltak til bestillingssystem vert innført i 2009.

*HiT skal gå gjennom arealbehov og lokalløysingar med sikte på størst mogeleg kostnadseffektivitet i arealbruken.*

Størst innsats blei i 2007 lagt ned i Porsgrunn, der Statsbygg rehabiliterer bygg A. Høgskolen brukar i den samanhengen eigne midlar til å betre arealeffektiviteten. I 2007 var det største tiltaket å lage vindaug for ein del areal i kjellaren på nordfløya slik at desse romma kan nyttast som grupperom. I Notodden og Bø er det gjort mindre tiltak for å gje tilsette og studentar betre arbeidstilhøve.

*HiT skal betre styringa med avsetjingane.*

Avsetjingane ved høgskolen viser framleis eit høgt nivå. Høgskolen har fokusert på det høge avsetjingsnivået, men har ikkje gjennomført konkrete tiltak for å redusere dette i 2007. Avsetjingane ligg i hovudsak ute i avdelingane. I 2008 vil høgskolen vurdere å gjennomføre tiltak dersom ikkje avdelingane kan synleggjere eit vesentleg redusert avsetjingsnivå per 31.12.08.

*HiT skal sikre god kvalitet i rekneskapsarbeidet i tråd med gjeldande lover og reglar.*

Etter innføringa av SAP HR, under dette også SAP HR ESS, har høgskolen framleis eit arbeid å gjere med å få på plass skriftlege rutinar og retningslinjer innanfor lønsområdet. Dette arbeidet er sett i gang, men vart ikkje sluttført i 2007. Høgskolen har gjennomført opplæring av aktuelt personale i samband med innføringa av SAP HR ESS. Intern opplæring vil halde fram i 2008.



Innføringa av SAP HR ESS har vore noko meir problemfylt enn det som var føresetnaden. Problema har i hovudsak vore knytte til sjølv systemet, under dette problem med både nedetid og at medarbeidarar får feilmeldingar ved bruk av systemet. Høgskolen er i dialog med leverandøren Senter for statleg økonomistyring (SSØ) for å løyse desse problema.

Høgskolen har vidare identifisert utfordringar knytte til avstemming mellom lønssystemet (SAP) og rekneskapssystemet (Agresso). Dei rapportane som ligg føre for bruk til avstemming i SAP, har ikkje vore tilfredsstillande. Også desse problema er tekne opp med leverandøren SSØ.

HiT er godt i gang med innføringa av aktivisering av eignelutar. Rutinar og retningslinjer er utarbeidde, men det står enno att eit arbeid knytt til personalopplæring.

Høgskolen tok i bruk det elektroniske systemet Contempus Invoice for handtering av inngåande fakturaer i 2007. Innføringa har vore svært tilfredsstillande, og systemet synest å fungere godt.

Det vert arbeidd med å betre både budsjettering/prognostisering og økonomirapportering internt i høgskolen gjennom forbetringar av interne budsjetterings-/prognosemalar og økonomirapporteringssmalar. Spesielt er det viktig å få betre kontroll over budsjetteringa og betre prognosar både i prosjekt og i ordinær verksemd.

*HiT skal integrere risiko- og vesentlegheitsvurderingar i planarbeidet for å sikre at måla blir nådde.*

Det er utarbeidd eit enkelt opplegg for risikovurdering. Leiargruppa i høgskolen (rektorat, dekanar og administrative leiarar på institusjonsnivå) har etter noko opplæring arbeidd i plenum med å gjennomføre risikovurderingar av ein del sentrale mål i årsplanen for 2008. Opplegget er også presentert for og forankra i høgskolestyret. Det blir arbeidd med planar for implementering av metodikken også på lågare nivå i organisasjonen, og med rutinar for oppfølging av risikovurderingane. I dette arbeidet byggjer høgskolen m.a. på rettleiingane som er utarbeidde av Senter for statleg økonomistyring.

## **Eigendefinert utvalt område**

*HiT skal vidareføre arbeidet med verdier og organisasjonskultur.*

Utvikling av verdier og organisasjonskultur vart gjennomført som eit praktisk utviklingsarbeid i 2006. Verdigrunnlaget, med dei fire verdiane Heilskap i mangfald, Kvalitet, Involvering og Utvikling, vart fastsett av styret som høgskolen sitt verdigrunnlag i 2007. Trening av leiarane i ulike former for involvering vart nytta som metode.

## **Personalpolitikk**

### Delmål 4.1

*Høgskolen i Telemark skal føre ein aktiv arbeidsgjevarpolitikk som hjelper til å rekruttere og utvikle kompetanse som reflekterer oppgåvene og ansvarsområda til institusjonen.*

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	2007	
Prosentdel førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	32	34	32	33	45
<b>Resultatindikatorar fastsette av høgskolen</b>					
Prosentdelen høgskolelærarar	12	10	9	8	8

Prosentdelen første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar har halde seg stabilt sidan 2004. Særleg med tanke på høgskolen sine universitetsambisjonar gjev det grunn til ei viss uro at det førebels ikkje er auke i desse stillingskategoriane. Noko av forklaringa kan vere den skjerpa konkurransen på arbeidsmarknaden, som gjer det vanskelegare å rekruttere til første- og toppstillingar. Det har elles synt seg at dei tala det tidlegare er operert med på dette punktet, var framkomne på feil grunnlag. Det er no retta opp. Det medfører at talet ligg 8-10 prosentpoeng lågare enn det vi før har operert med, og som måltalet for 2007 var fastsett på grunnlag av. Det blir derfor ikkje rett å samanlikne resultatet med målet i dette høvet.

Når det gjeld prosentdelen av høgskolelærarar, går den stadig nedover i samsvar med det som er målet. Høgskolen si ordning med tildeling av utdanningsstipend for høgskolelærarar for å kvalifisere seg til å bli høgskolelektor har truleg medverka til denne utviklinga.

#### Delmål 4.2

*Høgskolen i Telemark skal gjennom personalpolitikken sin medverke til eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.*

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	2007	
Prosentdel kvinner totalt	47	47	49	50	Ikkje eige resultatmål
Prosentdel kvinner i fagleg stillingar etter stillingskategori	40	41	44	44	Ikkje eige resultatmål
• professor	12	11	27	19	
• høgskoledosent	0	0	0	0	
• førsteamanuensis	16	26	29	33	
• førstelektor	18	21	34	27	
• høgskolelektor	54	53	51	54	
• amanuensis	19	19	14	17	
• høgskolelærar	62	61	65	61	
<b>Resultatindikatorar fastsette av høgskolen</b>					

Prosentdel kvinner i leiarstillingar	30	35	32	34	35
Prosentdelen kvinner i første- og toppstillingar (fast tilsette)	15	21	28	28	26

Prosentdelen av kvinner totalt i høgskolen og prosentdelen av kvinner i dei faglege stillingsgruppene held seg stabil. Det er visse variasjonar frå det eine året til det andre for einskildgrupper. Men dersom ein ser heile perioden 2004 – 2007 under eitt, ser hovudtendensen ut til å vere at prosentdelen kvinner i første- og toppstillingar har auka, medan det motsette er tilfellet for gruppa høgskolelærarar.

Prosentdelen kvinner i leiarstillingar ved HiT auka frå 32 til 34 % frå 2006 til 2007. Ein er såleis på rett veg når det gjeld å oppnå ein betre kjønnsbalanse i denne stillingsgruppa. Elles bør ein vere merksam på at på grunn av få stillingar totalt i gruppa vil sjølv små endringar i personalsamansetjinga gjere store prosentvise utslag.

Når det gjeld prosentdelen kvinner av fast tilsette i første- og toppstillingar, var denne i 2007 på 28 %, som er litt over resultatmålet.

## Økonomiforvaltning

### Delmål 4.3

*Høgskolen i Telemark skal syte for høg kvalitet i økonomiforvaltninga med fokus på god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning som tek omsyn til dei strategiske prioriteringane til institusjonen.*

Resultatindikatorar	Resultat				Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	2007	
Merknader og kommentarar frå Riksrevisjonen	0	0	0	0	0
Resultat EFV – målt i tusen kroner	1 244	539	72	389	500
<b>Resultatindikatorar fastsette av høgskolen</b>					
Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader	59,50	59,21	60,47	61,27	60,50
Kostnader per produsert 60-studiepoengseining Korrigert for løns- og prisvekst	112 375	122 781	119 306	117 856	122 133
Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekvivalent Korrigert for løns- og prisvekst	89 930	94 841	98 012	97 755	95 582
Kvm areal per eigenfinansiert student	16,21	16,16	16,62	16,39	16,00

Institusjonen arbeider systematisk for å sikre høg kvalitet i økonomiforvaltninga. Når det gjeld merknader og kommentarar frå Riksrevisjonen, er det teke utgangspunkt i avsluttande revisjonsbrev

derifrå. Riksrevisjonen hadde ingen vesentlege merknader til rekneskapen og verksemda si gjennomføring av budsjettet for 2006. Høgskolen har heller ikkje teke imot andre merknader og kommentarar frå Riksrevisjonen.

Totalt sett må økonomiforvaltninga ved høgskolen kunne seiast å vere tilfredsstillande, men det er enno område som det må arbeidast med for å auke kvaliteten.

Den interne budsjettfordelingsmodellen i høgskolen blei revidert i 2006. Budsjettfordelingsmodellen må i hovudsak kunne seiast å ivareta strategiske prioriteringar. Modellen skal likevel evaluerast og eventuelt reviderast i 2009. I den samanhengen kan det m.a. vere aktuelt å leggje inn incitament i modellen for å få til både auka FoU-produksjon og ein auke i den eksternt finansierte verksemda.

Høgskolen har sett i verk tiltak for å betre sjølve budsjettfordelingsprosessen. Med utgangspunkt i St.prp. nr. 1 vert det utarbeidd førebelse rammer til einingane, og deretter vert det gjennomført eit plan- og budsjettseminar for å gå gjennom rammer og konsekvensar. Etter plan- og budsjettseminaret vert det utarbeidd eit budsjettfordelingsforslag som vert sendt på høyring til einingane.

Følgjande tabell viser utvikling i omfang og resultat av den eksternt finansierte verksemda i perioden 2005-2007:

Tal i mill. kroner		
År	Omfang	Resultat
2005	15,6	0,539
2006	11,8	0,072
2007	15,2	0,389

Omfang og resultat blei betra noko i 2007 i høve til 2006, men resultatet er likevel noko lågare enn resultatmålet på kr 500 000. Høgskolen hadde per 31.12.07 ein verksemdskapital på kr 2 482 535 før resultatet frå 2007 er teke med. Når resultatet frå 2007 vert lagt til, er verksemdskapitalen på kr 2 871 991. Høgskolen arbeider aktivt for å auke både EFV og FoU-produksjonen.

Nivået på avsetjingar er enno for høgt. Følgjande tabell viser utviklinga for perioden 2005-2007:

Tal i mill. kroner			
År	Avsetjing, ekskl. midlar frå Forskingsrådet	Midlar frå Forskingsrådet	Totalt
2005	42,1	7,3	46,6
2006	39,4	4,4	43,8
2007	44,1	5,2	49,3

Førebels rekneskap for 2007 viser eit forventa totalt mindreforbruk på 49,3 mill. kroner og eit mindreforbruk eksklusiv midlar frå Forskingsrådet på 44,1 mill. kroner. HiT har sett av midlar til eit utbyggingsfond i samband med utbyggings- og renoveringsarbeid på studiestad Porsgrunn. Utbyggingsarbeidet er sett i gang, og er planlagt ferdigstilt i 2008. Av det totale mindreforbruket utgjer avsetjingar til dette utbyggingsfondet om lag 11 mill. kroner. Per 31.12.06 var det avsett om lag 6 mill. kroner til dette fondet, dvs. ei auka avsetjing på om lag 5 mill. kroner i 2007. Det avsette beløpet på 11 mill. kroner er planlagt å kome til utbetaling i 2008. Avsetjingane eksklusiv midlar frå Forskingsrådet er, justert for utbyggingsfondet, redusert med om lag 0,4 mill. kroner i 2007 i høve til 2006.

Det er ein trend at lønskostnadene sin del av totalkostnadene er aukande. Det er eit sterkt press i arbeidsmarknaden, og høgskolen merkar aukande utfordringar knytte til både å rekruttere og halde på

kvalifiserte medarbeidarar. Høgskolen vil følgje denne utviklinga nøye i 2008.

Høgskolen meiner at løyvinga i 2007 er disponert i samsvar med strategiske føringar og politiske styringssignal.

### **Anna rapportering**

#### **Aktivitetskrav**

Aktivitetskravet for sjukepleiarutdanninga vart nær oppfylt for studieåret 2006/2007. Avdelinga sine studentar avla 106,8 60-studiepoengseiningar, medan kravet var 111. Det er vanskeleg å ta opp fleire studentar på grunn av mangel på praksisplassar.

For vernepleiarutdanninga blei aktivitetskravet ikkje oppfylt. Det blei avlagt 15,5 60-studiepoengseiningar, medan kravet var 25. Hovudgrunnen til manglande produksjon av 60-studiepoengseiningar er fordeling av studiepoeng på dei ulike emna i fagplanen. Det blir undervist i emne første studieår som først gjev uttelling i studiepoeng andre studieår. Frå studieåret 07/08 er fagplanane til vernepleiarutdanninga organiserte slik at studentane avlegg 60 studiepoeng det første studieåret.

#### *Røynsler ved bruk av risikostyring*

Implementeringa har kome for kort til at ein kan trekkje klare konklusjonar om nytteverdien. Risikovurderinga kan synast arbeidskrevjande, i alle høve før metodikken er godt innarbeidd. Det er ei førebels vurdering at metoden kan verke til at planarbeidet blir meir realistisk, at det blir større merksemd rundt faktorar som kan truge måloppnåinga, og at ein i større grad får gjennomdrøfta tiltak som kan redusere risiko. Høgskolen har i innleiingsfasen lagt vekt på at leiarane blir sterkt og direkte involverte i arbeidet, og det blir vurdert som nyttig at ein slik får forankra metodikken godt i leiargruppa. Det er klare utfordringar når det gjeld å utforme rutinar og arbeidsmåtar som ikkje er for ressurskrevjande, og som samstundes fører til betre oppfølging og måloppnåing.

#### *Miljøleiing*

Høgskolen har innført miljøvennleg oppvarming i Bø. Energien kjem frå eit fjernvarmeanlegg som brukar trevirke som brensel. Mange av dei andre tiltaka for å minske påverknaden på det ytre miljøet er ikkje gjennomførte.

#### *Økonomirapportering*

Førebels årsrekneskap for 2007 vert oversendt departementet i eigen ekspedisjon, jf. KDs skriv av 18. desember 2007.

#### *Samarbeidsmidlar for praksisundervisning i helse- og sosialfagutdanningar*

Høgskolen sette av kr 1 300 000 i samarbeidsmidlar for praksisundervisning i helse- og sosialfagutdanningane for 2007.

Det kom inn i alt 12 søknader, både knytte til spesialisthelsetenesta og til kommunehelsetenesta. Av desse var i alt fire nye søknader knytte til helseføretak. I tillegg var det to søknader frå helseføretak knytte til prosjekt som er ønskte vidareførte frå 2006 inn i 2007.

Det blei fordelt kr 466 000 til prosjekt knytte til spesialisthelsetenesta og kr 823 000 til kommunehelsetenesta. Vidare blei det fordelt kr 50 000 til HiT for å finansiere arbeidsinnsats knytt til innvilga prosjekt for 2006. Til saman blei det tildelt kr 1 289 000 i samarbeidsmidlar i 2007. Høgskolen opna heller ikkje i 2007 for tildeling av midlar til samarbeidspartnarar innan sosialtenesta.

Samarbeidsmidlane blei 2007 i all hovudsak brukte til prosjekt for utvikling av ulike samarbeidsformer og gode læringsarenaer, og til prosjekt knytte til ulike kompetansehevingstiltak i praksisstudia.

### ***Tverrgående politikkområde for oppfølging***

#### *Arbeid med å skaffe læreplassar*

HiT har kvart år sidan 1996 teke inn to nye lærlingar i samsvar med departementet si tidlegare oppmoding. I og med at læretida er to år, inneber det at høgskolen til ei kvar tid har 4 lærlingar i si teneste.

Dei fagområda der det er mest aktuelt for høgskolen å ta inn lærlingar, er automasjonsfag, IKT-driftsfag, laboratoriefag og kontorlag. HiTs røynsle er at særleg når det gjeld kontorlag og laboratoriefag har det vore relativt få kandidatar og stor konkurranse om lærlingane. Høgskolen har likevel klart å nå målsetjinga om inntak av 2 nye lærlingar kvart år. Det har ikkje vore vurdert å auke talet på læreplassar.

#### *Integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn*

Talet på tilsette med innvandrarbakgrunn ved HiT pr. 1. januar 2007 var 27. Dette utgjorde 4,5 % av tilsette i faste og mellombelse stillingar. Det vart ikkje sett konkrete mål for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn i 2007.

Talet på personar med innvandrarbakgrunn pr. 1. januar 2008 var 32, som utgjorde 5,3 % av faste og mellombelse stillingar på det tidspunktet. Det har såleis vore ein liten auke i 2007.

#### *Medverknad, kompetanseutvikling og inkluderande arbeidsliv*

I samband med innføring av ny modell for organisering, styring og leiing i høgskolen i 2003 fastsette styret rettleiande retningslinjer for korleis både studentane og dei tilsette skal kunne ha innverknad i høgskolen. Retningslinjene gjeld medverknad både på institusjons-, avdelings- og instituttnivå.

Sak om dette vart lagt fram på nytt for styret i 2007, og det blei vedteke at gjeldande retningslinjer skal vidareførast med visse presiseringar, og med den endringa at ordninga vert gjort obligatorisk og ikkje rettleiande som tidlegare.

Høgskolen har ein eigen plan for kompetanseutvikling som omfattar sentrale tiltak for alle medarbeidargrupper i høgskolen, også leiarutvikling. Det vert sett av midlar til planen i samband med budsjettfordelinga kvart år.

I tillegg til tiltaka i kompetanseutviklingsplanen har høgskolen særskilte tiltak knytte til intern finansiering av doktorgradsutdanning, ordning med stipendpermisjon for teknisk-administrativt tilsette, førstelektorprogram og stipendordning for høgskolelærarar.

Førstelektorprogrammet har som føremål å heve kompetansen innan undervisning, læring, FoU og kunstnarleg verksemd på særskilde område som er nedfelte i høgskolen sin strategiske plan. Målet med stipendordninga for høgskolelærarar er å heve kompetansen til denne gruppa ved å gje stipendpermisjon for å gjennomføre mastergradsutdanning.

Elles underteikna HiT 13.03.03 samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv. Avtalen er vidareført fram til 31.12.09. Det er eit hovudmål for høgskolen å stabilisere sjukefråværet på omlag 4 % i gjennomsnitt for året. Denne målsetjinga skal ein nå ved at:

- leiarane skal halde ein god dialog med sjukemelde i samsvar med høgskolen sine rutinar for oppfølging av sjukemelde,
- arbeidsmiljø og fellesskapskjensle vert styrkt gjennom ulike tiltak,
- gjennomføringa av medarbeidersamtalar vert følgd opp,
- omgrepet "folkeskikk", dvs. måten ein oppfører seg på overfor kvarandre i høgskolen, skal gjerast til tema i ulike samanhengar,
- arbeidstakarar med helseproblem og arbeidstakarar som står i fare for å få slike problem, skal få tilbod om oppfølging i samarbeid med bedriftshelsetenesta,
- leiarane skal gjennomgå tilpassa opplæring i helse, miljø og tryggleik.

## 2. Planar for 2008

### 2.1 Plan for verksemda i 2008

#### Sektormål 1

*Høgskolane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.*

#### Utdanning

##### Verksemdsmål 1.0 (eigendefinert)

*Høgskolen i Telemark (HiT) skal vere universitet innan 2013, anten åleine eller saman med andre.*

*Styringsparameter for 2008:*

- a) Det skal avklarast om planane for universitetsutvikling skal førast vidare med HiT som planfundament eller om universitetsambisjonane skal søkjast realiserte gjennom samarbeid med andre høgskolar. Herunder skal det etablerast eit universitets-/kompetansefond i Telemark på inntil 400 mill. kroner, med tilsegn om 75 mill. kroner ved utgangen av 2008.
- b) HiT skal søkje Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) om akkreditering av doktorgradsstudium i kulturstudier og økologi.
- c) HiT skal få godkjent doktorgradsstudium i gass- og energisystem.
- d) HiT skal ha utarbeidd det første plandokumentet for nytt doktorgradsstudium i førebyggjande helsearbeid.
- e) Det skal setjast av strategiske satsingsmidlar til planlegging og realisering av doktorgrads- og mastergradsstudia.

##### Verksemdsmål 1.1

*Høgskolen i Telemark skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnet sitt behov.*

*Styringsparameter for 2008:*

- a) Talet på primærstøtjorar per studieplass skal vere minst 1,48.
- b) Talet på uteksaminerte kandidatar fordelt på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (114), vernepleiarutdanning (90), allmennlærerutdanning (80), førskolelærerutdanning (115) og ingeniørutdanning (100).
- c) Talet på primærstøtjorar i Samordna Opptak skal vere minst 2 200.
- d) Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal auke frå 4 503 til 4 642.
- e) Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar skal vere minst 100.



f) Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 720.

## **Læringsmiljø**

### Verksemdsmål 1.2

*Høgskolen i Telemark skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.*

*Styringsparameter for 2008:*

- a) Nye studiepoeng per eigenfinansiert student per år skal vere minst 45.
- b) Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere minst 17,4.
- c) Talet på eigenfinansierte nye studiepoeng skal vere minst 3 792.

## **Internasjonalisering**

### Verksemdsmål 1.3

*Høgskolen i Telemark skal ha internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som både fører til auka utdanningskvalitet og sikrar kvalifiserte kandidatar til samfunns- og næringsliv.*

*Styringsparameter for 2008:*

- a) Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) skal auke frå 154 til 162.
- b) Talet på framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng skal liggje på 720.

## **Evaluering**

### Verksemdsmål 1.4 (eigendefinert)

*Høgskolen i Telemark skal ha god studentdeltaking i evaluering av emne, infrastruktur og læringsmiljø.*

*Styringsparameter for 2008:*

- a) Prosentdel deltaking i evaluering av emne skal auke frå 31 til 40.
- b) Prosentdel deltaking i evaluering av infrastruktur og læringsmiljø skal auke frå 13 til 40.

## Utvalde område

Høgskolen i Telemark skal leggje vekt på følgjande område i 2008:

1. HiT skal vidareutvikle kvalitetssikringssystemet og sørge for at systemet blir forankra i fagmiljøa.
2. HiT skal gjere synleg korleis kvalitetssikringssystemet vert nytta strategisk i arbeidet for å auke kvaliteten i utdanninga.
3. HiT skal gå gjennom høgskolens strategi for utvikling av fagporteføljen og fagprofilen, herunder vurdere breidd versus djupn, omsynet til små og utsette fag, relevans m.v.
4. HiT skal utvikle strategien for arbeidet med internasjonalisering slik at den medverkar til å utvikle den faglege verksemda.
5. HiT skal utvikle vidare bindande samarbeid mellom høgskolen og praksisstadene, både i spesialist- og primærhelsetenesta, og kvalitetssikringa av studentane sin praksis.
6. HiT skal gjennomføre planen for oppfølging av NOKUTs evaluering av allmennlærerutdanninga.

## Eigendefinerte utvalde område

Høgskolen i Telemark skal leggje vekt på følgjande eigendefinerte område i 2008:

1. Søkjar- og opptakstala skal haldast på 2006-nivå i helse- og sosialfaga, i lærarutdanningane, i ingeniørutdanninga og i realfaga.
2. HiT skal søkje om å få tildelt ECTS (European Credit Transfer System) label, dersom ordninga held fram.

## Sektormål 2

*Høgskolane skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Høgskolane har ansvar for utvikling av praktisk retta forskning og utviklingsarbeid på fagområda sine. Høgskolar som kan tildele doktorgrad, har eit særskilt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning innan dei fagområda der dei tildeler doktorgrad.*

## Forsknings- og utviklingsarbeid

### Verksemdsmål 2.0 (eigendefinert)

*For å kunne realisere universitetsambisjonen skal Høgskolen i Telemark ha sterke miljø for FoU og kunstnarleg-kreativ verksemd som hevdar seg nasjonalt og internasjonalt, og særleg på dei områda der høgskolen har eller skal etablere doktorgrads- og mastergradsutdanningar.*

*Styringsparameter for 2008:*

- a) Strategiske FoU-midler på institusjonsnivå skal rettast inn mot doktorgrads- og

mastergradsområda.

b) Det skal opprettast 2-3 forskargrupper innanfor doktorgradsområda.

### Verksemdsmål 2.1

*Høgskolen i Telemark skal medverke til profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen.*

*Styringsparameter for 2008:*

- a) Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal liggje på minst 0,26.
- b) NFR-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere på minst 40 000 kr.
- c) EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (ikkje resultatmål).
- d) Talet på tilsette som vert utveksla via programavtalar, skal auke frå 66 til 75.
- e) Talet på publikasjonspoeng skal liggje på minst 75.

## **Forskarutdanning**

### Verksemdsmål 2.2

*Høgskolen i Telemark skal sørge for god gjennomføring av forskarutdanninga for tilsette i stipendiatstillingar.*

*Styringsparameter for 2008:*

- a) HiT skal føre vidare samarbeidet om doktorgradsutdanning med Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) og andre lærestader nasjonalt og internasjonalt.
- b) Talet på stipendiatar knytte opp mot NTNU-samarbeidet skal haldast på noverande nivå.
- c) Avtala mellom NTNU og HiT om doktorgradsutdanning skal reforhandlast.
- d) Talet på stipendiatar knytte opp mot andre institusjonar enn NTNU skal vere minst 30.
- e) Gjennomsnittleg tid for fullføring av doktorgradsstudium for tildelte stipendiatstillingar skal vere maksimalt 4 år.

## **Utvalde område**

Høgskolen i Telemark skal leggje vekt på følgjande område i 2008:

1. HiT skal arbeide for å konsentrere innsatsen og utvikle fagmiljøa gjennom samarbeid i eigen institusjon og/eller med andre institusjonar.

2. HiT skal gjennomføre tiltak for å auke gjennomstrøyminga i forskarutdanninga.
3. HiT skal gjennomføre tiltak for å auke forskingsmidlane frå NFR.
4. HiT skal betre samarbeidet med internasjonal forskings- og utdanningsverksemd.

### **Sektormål 3**

*Høgskolane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Høgskolane skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.*

### **Formidling**

#### Verksemdsmål 3.1

*Høgskolen i Telemark skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda.*

*Styringsparameter for 2008:*

a) Talet på formidling av fagleg, populærvitskapleg karakter (kategori 10 i intern budsjettfordelingsmodell) skal aukast frå 53 til 60.

### **Innovasjon og verdiskaping**

#### Verksemdsmål 3.2

*Høgskolen i Telemark skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping.*

*Styringsparameter for 2008:*

a) Omfanget av eksternt finansiert verksemd skal auke frå 15,2 mill. kroner til 18 mill. kroner.

b) Talet på mottekne forretningsidéar skal aukast frå 3 til 6.

c) Talet på nyoppretta selskap basert på mottekne forretningsidéar skal auke frå 1 til 2.

### **Utvalde område**

Høgskolen i Telemark skal leggje vekt på følgjande område i 2008:

1. HiT skal arbeide for å styrkje sin medverknad til regional utvikling og innovasjon.
2. HiT skal arbeide for å auke dei eksternt finansierte inntektene.

3. HiT skal arbeide for å gjere utdanningane tilgjengelege og fleksible for heile befolkninga, uavhengig av bustad og livssituasjon.
4. HiT skal gjennomføre tiltak for å styrkje publisering og formidling.

#### **Sektormål 4**

*Høgskolane skal ha ei personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane.*

#### **Personal- og økonomiforvaltning**

##### **Personalpolitikk**

##### Verksemdsmål 4.1

*Høgskolen i Telemark skal føre ein aktiv arbeidsgjevarpolitikk som hjelper til å rekruttere og utvikle kompetanse som reflekterer oppgåvene og ansvarsområda til institusjonen.*

*Styringsparameter for 2008:*

- a) Prosentdel første- og toppstillinger av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillinger skal auke frå 33 % til minst 35 %.

##### Verksemdsmål 4.2

*Høgskolen i Telemark skal gjennom personalpolitikken sin medverke til eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.*

*Styringsparameter for 2008:*

- a) Prosentdelen kvinner etter stillingskategori skal overvakast for dei faglege stillingsgruppene.
- b) Prosentdel kvinner i leiarstillinger skal auke frå 35 % til minst 40 %.
- c) Prosentdelen kvinner i første- og toppstillinger skal auke frå 28 % til minst 30 %.

##### **Økonomiforvaltning**

##### Verksemdsmål 4.3

*Høgskolen i Telemark skal syte for høg kvalitet i økonomiforvaltninga med fokus på god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning som tek omsyn til dei strategiske prioriteringane til institusjonen.*

*Styringsparameter for 2008:*

- a) Det skal ikkje kome vesentlege negative merknader og kommentarar frå Riksrevisjonen.
- b) Resultat av eksternt finansiert verksemd skal aukast frå kr 389 000 til kr 500 000.
- c) Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal haldast på noverande nivå (61 %).
- d) Kostnader per produsert 60-studiepoengseining korrigert for løns- og prisvekst skal ikkje auke meir enn frå kr 117 856 til kr 121 561.
- e) Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekvivalent korrigert for løns- og prisvekst skal vere på om lag same nivå som i 2007 og ikkje overstige kr 99 302.
- f) Areal per eigenfinansiert student skal reduserast frå 16,39 til 15,90 kvadratmeter.

### **Utvalde område**

Høgskolen i Telemark skal leggje vekt på følgjande område i 2008:

1. HiT skal vise korleis styret vurderer ansvaret sitt for oppfølging av mål, herunder
  - vektinga av faglege versus administrative ressursbehov
  - administrativ kapasitet og kompetanse for å sikre god kvalitet i økonomiforvaltninga
  - korleis prinsippa for god eigarstyring vert følgde opp i randsona
  - omfang og utvikling av utsett verksemd og grunngjeving for behovet for å setje av midlar til strategiske føremål.
2. HiT skal etablere etiske retningslinjer som dekkjer både den faglege og den administrative sida.
3. HiT skal følgje opp at regelverket for offentlege innkjøp og forvaltning av bidrags- og oppdragsprosjekt vert etterlevd fullt ut.
4. HiT skal følgje opp eigen internkontroll, ref. reglement for økonomistyring i staten § 14 – relatert både til system og kvalitetssikringsrutinar.

### **Eigendefinert utvald område**

Høgskolen i Telemark skal leggje vekt på følgjande eigendefinerte område i 2008:

1. HiT skal vidareføre arbeidet med verdiar og organisasjonskultur.

## 2.2 Plan for tildelt løyving for 2008

HiT har utarbeidd følgjande plan for disponering av tildelt løyving i 2008:

Inntekter/ utgifter	Beløp (1000 kr)
<b>Driftsinntekter</b>	
Av dette løyvingsfinansiert verksemd	443 628
Av dette andre driftsinntekter	36 319
Av dette eksternfinansiert verksemd	18 694
<b>Sum driftsinntekter</b>	498 641
<b>Driftskostnader</b>	
Av dette lønnskostnader	304 726
Av dette innkjøp og påkostingar	7 167
Av dette husleige	82 098
Av dette andre driftskostnader	104 150
<b>Sum driftskostnader</b>	498 141
<b>Driftsresultat BFV</b>	0
<b>Driftsresultat EFV</b>	500

Løyvingsfinansiert verksemd består av:

Kapittel 275, post 50	296 248
Kapittel 275, post 51	131 675
Kapittel 275, post 51	14 455
Kapittel 281, post 01	1 250
<b>Totalt</b>	<b>443 628</b>

Beløpet på kapittel 281, post 01, er knytt til ny modell for allmennlærerutdanning og skal brukast til skolebasert lærarutdanning, eit samarbeidsprosjekt mellom Notodden kommune og HiT.

Kunnskapsdepartementet løyvde kr 700 000 til dette prosjektet i 2007, og HiT vil få ytterlegare kr 430 000 til prosjektet i 2009. Høgskolen skal sende rekneskap og rapport for bruk av løyvde beløp i 2007 til departementet innan 1. april 2008.

Endringar i ramma frå 2007 til 2008 kjem fram slik:

- Det er lagt inn kr 18 200 000 i løns- og prisvekstkompensasjon, som er oppgjeve til å vere 4,3 %.
- Det er lagt inn halvårsverknad av tre stipendiatstillingar tildelte i budsjettet for 2008. Dette utgjer i sum kr 960 000.
- Høgare studiepoengproduksjon i 2006 enn i 2005 medfører at løyvinga er auka med kr 4 994 000. I tillegg er høgskolen trekt kr 2 120 000 som følgje av endring i studieplassar. Dette gjeld heilårsverknad av tidlegare studieplassreduksjonar. Trekket gjev ein varig reduksjon av basisløyvinga.
- Gjennom den resultatbaserte FoU-komponenten i det nasjonale finansieringssystemet fekk HiT ein reduksjon i ramma på kr 3 074 000.

- I samband med handsaminga av framlegget til statsbudsjett for 2008 løyvde Stortinget 20 mill. kroner for å styrkje forskingsvilkåra i universitets- og høgskolesektoren. Av dette er kr 171 000 lagt inn i rammene til HiT.

Oppsummert tabellarisk kjem endringa i løyvinga frå 2007 til 2008 fram slik:

<b>Tiltak</b>	<b>Beløp i kroner</b>
Løns- og prisvekstkompensasjon	18 200 000
Delsum	18 200 000
3 nye stipendiatstillingar	960 000
Auka tildeling studiepoeng	4 994 000
Endring studieplassar	-2 120 000
Redusert tildeling FoU-komponent	-3 074 000
Styrkte forskingsvilkår	171 000
Delsum	931 000
Totalsum	19 131 000

Med bakgrunn i ovannemnde fekk HiT reelt sett ein nettoauke frå 2007 til 2008 på kr 931 000, men ein realreduksjon på kr 29 000.

HiT har ikkje fått ytterlegare inndraging av studieplassar i 2008, men tek med seg ein reduksjon på 40 plassar frå 2006 (vernepleie - 30 og allmennlærerutdanning - 10), og må omdisponere 10 studieplassar til førskolelærerutdanning.

Budsjettreduksjonen for universitet og høgskolar i 2007 på nær 275 mill. kroner er ikkje ført tilbake til institusjonane. For HiT utgjorde dette 4 mill. kroner.

Disponering av tildelt løyving i 2008, jf. S-sak 137/07, går fram av følgjande tabell, fordelt på avdelingane, fellestenestene, fellesdrift, øyremerkte tiltak, utviklingstiltak og reservepost:

<b>Driftseiningar</b>	<b>Rammer</b>
<b>Avdelingar</b>	
AF	71 356 000
EFL	89 462 000
HS	42 213 000
TF	43 201 000
<b>Fellestenester</b>	
BIB	12 423 000
DR	113 957 000
FA	20 866 000
IT	15 065 000
Fellesdrift	15 555 000
Øyremerkte tiltak	3 016 000
Utviklingstiltak	13 763 000
Reservepost	1 330 000
Sum	442 207 000



Den løyvde summen på kapittel 281, post 01, kr 1 250 000 og løyvinga på kr 171 000 knytt til styrking av forskingsvilkåra kjem ikkje fram av tabellen over av di desse løyvingane ikkje var kjende ved handsaminga av S-sak 137/07.

I tildelingsbrev til den enkelte driftseininga er det presisert at:

- Disposisjonsreglement for 2008 skal leggjast til grunn.
- Vedtatt studieprogram for avdelinga skal følgjast opp i 2008.
- Verksemda skal gjennomførast innanfor dei fastsette stillingsrammene.
- Fastsette resultatkrav for opptakstal og studieprogresjon skal søkjast oppnådde.

Ved fordelinga av budsjettet kanaliserte styret særskilde ressursar til desse større strategiske satsings- og utviklingstiltaka i 2008:

<b>Utviklingstiltak</b>				<b>Til fordeling</b>
<b>Strategiske satsingstiltak</b>				
<i>Universitetssatsing:</i>			kr	5 860 000
Doktorgradsutdanning HiT-NTNU	kr	2 400 000		
Doktorgradsstudium i gass- og energisystem	kr	1 800 000		
Doktorgradsstudium i kulturstudiar	kr	800 000		
Doktorgradsutgreiing i førebyggjande helsearbeid	kr	200 000		
Doktorgradsutgreiing i økologi	kr	50 000		
Mastergradsstudium i fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge	kr	480 000		
Mastergradsstudium i miljø- og helsevern	kr	130 000		
<b>Kompetanseutvikling</b>				
FoU-permisjon/stipendpermisjon			kr	1 410 000
Førstelektorprogram			kr	144 000
Intern finansiering av dr. gradsutdanning			kr	904 000
Kompetanseutviklingsplan			kr	645 000
Stipendordning for høgskolelærarar			kr	415 000
<b>Felles utviklingstiltak</b>				
Desentralisert bibliotek Drammen			kr	135 000
Disposisjonsbeløp for rektor/direktør			kr	300 000
Etter- og vidareutdanning			kr	300 000
Fleksibel læring			kr	50 000
Internasjonalisering			kr	1 450 000
Kina-samarbeidet			kr	250 000
Stimuleringsmidlar for eksternt finansiert verksemd			kr	200 000
Større utstyrskjøp og vedlikehald			kr	5 500 000
TEORA - vidareføring ope institusjonelt arkiv			kr	60 000
Utbyggingsfond			kr	2 000 000
<b>Sum utviklingstiltak</b>			<b>kr</b>	<b>19 623 000</b>

Samla sett meiner høgskolen at løyvinga er disponert i samsvar med føringar og politiske styringssignal og med sikte på at planane for 2008, slik dei går fram i dette dokumentet, kan realiserast.